



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - MARS 2016

21. ÅRGANG



Marit Gjøl

*“Syng i stille morgonstunder”
God påske!*

Jesus vaskar føtene til læresveinane


Evangeliet etter Johannes 13, 1-17

Det var like før påskehøgtida, og Jesus visste at timen hans var komen då han skulle fara bort frå denne verda og til Far sin. Han hadde elska sine eigne som var i verda, og han elska dei heilt til det siste.

Då dei heldt måltid, hadde djevelen alt gjeve Judas, son til Simon Iskariot, den tanken i hjartet at han skulle svika han. Jesus visste at Far hadde gjeve alt i hans hender, og at han hadde gått ut frå Gud og gjekk til Gud. Då reiser han seg frå måltidet, legg av seg kappa og tek eit linklede og bind om seg. Så slår han vatn i eit fat og tek til å vaska føtene til læresveinane og tørka dei med handkledet som han har om livet. Han kjem til Simon Peter, og Peter seier til han: «Herre, vaskar du mine føter?» Jesus svara: «Det eg gjer, forstår du ikkje no, men du skal skjønna det sidan.» «Aldri i æva om du skal vaska føtene mine», seier Peter. «Dersom eg ikkje vaskar deg, har du ingen del i meg», svara Jesus. Simon Peter seier til han: «Herre, ikkje berre føtene, men hendene og hovudet òg!» Men Jesus seier til han: «Den som er bada, er heilt rein og treng ikkje vaska

anna enn føtene. Og de er reine – men ikkje alle.» For han visste kven som skulle svika han. Difor sa han: «De er ikkje alle reine.»

Då han hadde vaska føtene deira og teke på seg kappa, tok han plass ved bordet att. Så sa han til dei: «Skjønar de kva det er eg har gjort for dykk? De kallar meg meister og herre, og det med rette, for det er eg. Når no eg, Herren og meisteren, har vaska føtene dykkar, då skyldar de òg å vaska føtene til kvarandre. Det er eit føredøme eg har gjeve dykk: Som eg har gjort mot dykk, skal de òg gjera. Sannelig, sannelig, eg seier dykk: Ein tenar er ikkje større enn Herren sin, og ein utsending er ikkje større enn den som har sendt han. No veit de dette. Og sæle er de så sant de gjer etter det.



Påske *av sokneprest Signe Hellevik*

Hva er påske for meg?

Det store dramaet. Å følge Jesus fra palmesøndag til påskedag. Fra han blir hylla av en begeistra folkemengde, til tempelet der han velter bord og fugebur mens han roper i sinne - og videre til stille dager med undervisning og bønn.

Deretter å få bli med til påskemåltidet i den øvre sal, den de fikk låne for anledningen. Jesus finner fram et tøystykke, tar med seg fatet med vann og vasker føttene til alle som er der. «Jeg har gitt dere et forbilde», sier han. «Tjen hverandre!» Ved slutten av måltidet blir det stille. Er det usikkerhet? Hva skjer nå? Jesus sender rundt brødet, deler ut til alle og sier: «Dette er mitt legeme.» Etterpå sender han vinen. Alle får, både Peter, Andreas, Taddeus og Judas. Kjente og ukjente. «Dette er mitt blod som er gitt for dere. Gjør dette til minne om meg.»

Hva var det? Han var jo der! Hvorfor minnes en ung mann midt i et aktivt liv? Folkebevegelsen hans er jo så vidt begynt! Så går Judas fra dem. Usikkerheten blir trykkende, men kanskje er det også en lettelse? De synger lovsangen, den store lovsangen som hører med til påskemåltidet: «Dette er dagen som Herren har gjort!» Og videre ut i natta. Til Getsemane, der mørket snører seg til. Tvilen. Fortvilelsen. Angsten. Far, la meg slippe! Men ikke som jeg vil, men som du vil. Vennene sovner mens soldatene gjør seg klar – og der, i skjul av nattemørket, gir Judas han et kyss: Her er han. Ta han.

Bundne hender. Lenker, piskeslag og avhør. Mange avhør, hos all slags øvrighet, presteskapet, kongen, den romerske landshøvdingen, tilbake til kong Herodes og videre til Pilatus igjen. Nye forhør, nye slag, nye hånsord – før en endelig dom, fra folket og fra Pilatus. Fra alle. Korsfest! Via Dolorosa. Smertens vei. Med tverrbjelken over skuldrene. De tunge

timene på korset. De to på hver side. Løftet om at i dag - i dag! - skal du bli med meg til paradiset! Og til slutt: «Det er fullbrakt.» Fullført.

De tunge skrittene mot graven, til en rik manns grav, en lånt grav. Den ubegripelig tunge avskjeden. Mannen. Framtida. Håpet. Alt var med i de skrittene. Alt lukket seg da steinen ble rullet foran åpningen. Håpet døde.

Men håpet levde. Uavhengig av dem det gjaldt. Uavhengig av om de trodde det eller ei. Det var som en skaperkraft. Sterkere enn den første morgen. Håpet banet seg vei gjennom det håpløse. Det er påske for meg. Håpet som lever sitt eget liv. Håpet som ikke krever tro. Håpet som overlever på tross av all tvil og angst og uro. Håpet som er sin egen herre. Håpet som bryter seg fram i egen kraft. Håpet jeg ikke trenger å tviholde på eller begrunne. Håpet som er Guds kraft. Håpet om noe nytt: fornyelse, frihet, liv, evig liv, oppstandelse.

Livet seirer. Det er håp for verden! Tross katastrofetanker, tross bekymringer, tross usikre tider. Håpet lever. Kristus lever.

Han er oppstanden!

Ja, han er sannelig oppstanden!



«Syng i stille morgonstunder»

Av Kari Moe Elgsaas

Forsidebiletet denne gongen er eit akrylmåleri frå 2015 av Marit Gjøl i Tresfjord. Marit har på hobbybasis arbeidd med ulike teknikkar og ulike motiv i fleire år. Som så mange andre starta ho med naturbilete, ofte med dei majestetiske Tresfjordfjella som motiv eller som bakgrunn. I det siste har ho måla ei rekke fargesterke og humoristiske bilete av kattar. Desse kan vi kose oss med på Facebook eller google opp på : «Konstanses malekrok».

«Syng i stille morgonstunder» høyrer til ein heilt annan sjanger. Det er inspirert av Elias Blix sin kjende morgonsalme frå 1891. Denne salmen har fleire generasjonar vakse opp med og blitt glade i. Marit sjølv hugsar med glede salmen frå skuleåra heime på Stord der dei song han ofte. Gleda og takka over kvar ny morgon, gitt oss menneske som gåve, blir uttrykt like sterkt i biletet hennar som i salmen.

Måleriet kan, i tillegg til å formidle den daglege gleda over kvar ny morgon, også formidle takka og gleda over påskemorgonunderet, kvinnene som fann grava tom, og læresveinane som litt etter litt forstod at Jesus hadde stått opp, og med det sigra over døden. Gjennom hans oppstode har vi menneske fått ei endå større gåve. Av rein nåde, heilt ufortent.



Syng i stille morgonstunder

Av Elias Blix

Syng i stille morgonstunder,
syng Gud Fader lov og ros!
Sjå han gjer på ny det under:
kallar fram or myrkret ljøs!
Sjå hans sol all skapning gyller,
alt med liv og lovsong fyller,
sjå hans kjærleiks smil i sky,
sjå kvar dag hans nåde ny!

Gud si sol lét dagleg renna
yver alle utan skil,
deim som vil hans kjærleik kjenna,
deim som ikkje vakna vil.
Alle vil han til seg draga,
alt han veit so vel å laga.
Gjennom sol og regn i sky
byd han oss sin nåde ny.

Lær oss, Gud, kvar dag å telja,
sjå, kor snøgt vår livsdag lid !
Lær oss livsens veg å velja
medan det er enno tid !
Enn i dag du vil oss kalla,
snart kan mørket på oss falla.
Lat oss, medan det er dag,
fylgja Andens nådedrag !


Gud, som skapte sol og stjerna,
deg me syng vår takk og lov,
at om oss du ville verna
medan me i mørker sov !
Lys og lei oss, ljøsens Fader,
til vår sol i grav i glader,
vekk oss så til morgon ny,
dag med solskin utan sky !

Audbjørg Gjerde Lippert


Kristus – den oppstadne – eit ynda motiv

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Opp gjennom tidene har biletkunstnarar vore opptekne av å formidle trua om at Jesus blei levande igjen etter døden på korset. Første påskedag, kanskje kyrkja sin viktigaste høgtidsdag, gjer Gud som livgivar og dommar slutt på døden si makt og opprettar rettferd. Trua på oppstoda er eit av dei viktigaste kjenneteikna på kristendommen. Funnet av den tomme grava og forteljingane om korleis Jesus i ei viss tid viste seg for læresveinane, vitnar om dette. Guds oppvekking av Jesus til evig liv er eit håp for alle kristne.



Kunstnarane lèt ofte lyset og ein kvitkledd Kristus stå som kontrast til mørkret og døden på langfredag. Andre bruker meir abstrakte verkemiddel eller symbol. Det kan t.d. vere ein vårblome, ein hestehov, som gror fram frå den mørke jorda og faldar seg ut til liv i lyset.




Her er nokre bilete i ulike sjangrar av dette motivet, alt frå gamle klassiske måleri frå Caravaggio til søndagsskulekort. Det første biletet, eit utsnitt av *Nattverden* av Salvador Dalí, er tatt med for å vise at her har vi kanskje ein sigrande og oppstaden Kristus allereie skjærtorsdag, noko som sjølv sagt berre er fri tolking, og som vi ikkje kan tillegge kunstnaren. Det vil falle for langt å gå inn på kvart enkelt bilete. Her er tanken å vise mangfaldet i skildringane av Jesu oppstode og kva ulike biletkunstnarar legg vekt på. Hos Caravaggio ser vi tvilaren Tomas som får stikke fingeren i Jesu sår i sida.



Han måtte ha bevis for at det verkeleg var Jesus som hadde stått opp frå dei døde. Det er òg tatt med eit par moderne bilete for å vise symbolbruken. Sommarfuglen har i seinare tid blitt eit symbol på oppstoda: puppa som faldar seg ut til vakker sommarfugl.

Dette symbolet er vel ikkje direkte brukt i Bibelen så vidt eg veit, men det har likevel gått inn i kristen symbolbruk. Vi finn ofte sommarfuglen på gravsteinar, og vi har han til dømes på den nye, kvite messehakelen i Vestnes kyrkje. Det siste, *Hestehoven kommer* av Jakob Weidemann, viser eigentleg korleis «våren blir gjenfødt av naturen», ifølgje kunstnaren det største av alle under. I utsmykkinga hans av fondveggen i Alfaset kapell, *Oppstandelsen*, er det også hestehoven som dominerer.

Mangfaldet fortel vel noko om plassen denne hendinga har i historia vår gjennom tidene.



Lerka på Lista

Av Per Bjørn Ellingseter

Meir enn dei andre årstidene er våren tida då skaparverket utfaldar seg for oss i alt sitt store mangfald, tida då «nytt liv av daude gror». Fuglane og fuglelivet har gjennom alle tider vore til inspirasjon for diktarar, og nesten alle vårsongar og vårdikt har nokre strofer om fuglane.

Eit sikkert vårteikn for naturglade folk er *lerka*. Når vinteren slepper taket i fjellet, er lerka på pletten og helsar den nye vokstertida med den optimistiske songen sin. Her hos oss er nok *heipiplerka* den vanlegaste, den talrikaste fuglen i fjellet som ho er. Ho stikk seg ikkje fram med fargerik fjørdrakt, men songstemma hennar er det ikkje noko i vegen med. Ho er lett å kjenne på den karakteristiske oppførselen sin når ho først stig høgt til vers, for så å sleppe seg ned att mot reirplassen med jublande song.

Diktarpresten *Anders Hovden* frå Hovdebygda på Sunnmøre fekk det første kallet sitt på Lista, nesten så langt sør i landet som det er råd å komme. Hovden hadde mange vener mellom «kjendisane» på den tida, og den som stod han aller nærast, var nok *Per Sivle*. Begge var oppvaksne som bondegutar, og dei var begge «kjenslemenneske, impulsive og ukonvensjonelle», som det heiter i ein biografi. Anders Hovden tok seg av Per Sivle då det i periodar sto dårleg til med han, både fysisk og psykisk, ja, han let endå til Sivle bu i kapellanbustaden eit heilt år.

Ein gong seint på vinteren 1895 kom *Arne Garborg* på besøk. Ein dag gjekk dei tre diktarvenene seg ein tur ut på Hellemyra på Lista. Det var enno vinter, men truleg kjende dei ei aning av vår i lufta. Dei vart då samde om at dei skulle skrive kvar sin vårsong, og slik vart tre perler i norsk naturlyrikk til. Dei tre dikta vart tekne inn i skulesongbøkene, og slik vart dei allemannseige for eit par generasjonar av nordmenn. Felles for alle tre dikta er at *lerka* er eit sentralt symbol på vår og lysare tider.

Anders Hovden går rett på sak, og presenterer lerka alt i første verselina:

*Å nei, eg høyrer lerka for fyrste gong i år.
Ned frå ein vinterhimmel ho kved so kvat om vår.
Og dimt det er i lufta, og skodd har sola dult,
men den velsigna fuglen, han kvitrar like fullt.*



Siste verset er forma som ei bøn, der presten bed om at hans forkynning av evangeliet, på same måten som lerkesongen, skal gje trøyst og glede til den som høyrer på:

*Å Gud, lat meg få syngja som litle fugl i sky
alt under vinterhimmel om vår og sumar ny.
Og stoggar ein og lyder med hugnad til mitt kvad
og kjenner vår i hugen, då skal eg vera glad.*

Per Sivle sitt dikt tek til med å fortelje oss om lerka sin optimisme, eit karaktertrekk som han sjølv sakna:

*Og vesle lerka, ho hev det so
at finn ho ein tuvetopp fri for snjo,
så kved ho i med sin gladaste song,
så trur ho på vår med ein einaste gong.
Å hei! Å hi! Å tiriliti! Å tirili, tirili, ti!*

Også Sivle sitt dikt munnar ut i ei bøn. Han vonar å få dele optimismen og framtidstrua til lerka:

*Gud signe deg, du er fuglen min du,
Gud signe no deg med di glade tru!
Og møter eg kulde og snjo på min veg,
Gud gje meg i sol-tru å kveda med deg:
Å hei! Å hi! Å tiriliti! Å tirili, tirili, ti!*

I Arne Garborg sin diktsyklus «Haugtussa» finn vi mange vakre naturdikt, mellom anna dette som vart til denne seinvinterdagen på Lista:

*Å nei, for himmel rein og klår!
Å sæle meg, no er det vår!
No spelar liv kring land og strand;
å sæle meg, at opp eg vann!*

Lerka fekk sjølsagt også plass i Garborg sitt dikt:

*Å nei, eg høyrer lerka slå
opp under bleike himmel blå!
Mot kvelv ho stig med songen sin;
snart når ho visst i himlen inn.*

Mange diktarar, både før og seinare, har prisa våren og skaparverket på ulike måtar, men for meg vil desse tre songane alltid ha ein særleg plass. Når ein kjenner litt til livshistoria til dei tre diktarane, får tekstane eit endå sterkare innhald, og dei gjev oss på nytt ei forståing av vår plass i skaparverket og i naturen sitt store mangfald.

Påskesalmar vi liker

Mange har ein favorittsalme for dei ulike høgtidene. No som påska står for døra, har vi spurt to representantar for dei nye sokneråda: Svanhild Flate, Vestnes, og Monica Bergheim, Fiksdal.



Svanhild Flate:

**Mine tankar rundt salmen
"Påskemorgen slukker sor-
gen"**

Denne påskesalmen er den mest kjente for meg heilt sidan barn-
dommen.

Eg synest teksten er så positiv
og direkte der han fortel at alle

våre sorger har Gud tatt over på seg til evig tid! Vi treng
ikkje vere redde lenger når vi legg all vår bekymring over
i hans hender. Jesus blei vår redningsmann då han døydde
på korset for oss.

Det som har fascinert meg mest, er då han stod opp frå
dei døde og viste seg levande for venene sine. Det måtte ha
vore heilt fantastisk og skremmande på same tid. Han har
gitt oss lyset og livet og står klar til å reise oss opp når vi
treng det mest.

Monica Bergheim:

Min påskesalmefavoritt er uten tvil «Gutten med palmen».



Det er en sang full av liv
og glede, og så synes jeg
den gir en god beskrivelse
av hvordan det kunne opp-
leves for barna på en dag
som denne. Salmen skildrer
Jesus sitt inntog i Jerusalem
på palmesøndag, sett med
et barns øyne. Jeg husker
vi sang den i barnekoret da
jeg var liten. Når notene til
denne sangen ble tatt frem,
var det fordi påsken igjen
nærmet seg. Og nå har jeg
barn i barneskolealder, og
de har alle kommet hjem
med akkurat denne sangen

før hver påskehøgtid, for da er det den som er «vekesang»
som de skal øve på hjemme. Det er kjekt med tradisjoner.

Denne sangen beskriver godt den barnslige forventnin-
gen og gleden mens de ventet på å få et glimt av kongen.
Hvem var det de ventet på egentlig, hvordan så han ut?
Hadde han krone og ble båret på en trone? Vi kan tenke
oss folkehavet og stemningen som bredte seg da alle ventet
på kongen, både store og små. Og vi kan tenke oss at flere
av de små sannsynligvis havnet bak. Derfor er dette en
oppfordring vi alle bør ta til oss: «alle voksne burde sitte,
slik at barna kan få tittle!»

Det er rart at noen sanger fester seg helt nede i magen,
både på godt og vondt. Dette er en sang som bobler av
lykke, glede og forventning, slik jeg ser det. Vi har vel alle
våre preferanser når det kommer til sanger for ulike anled-
ninger, og «Gutten med palmen», det er min påskesalme.

God påske!



Audbjørg Gjerde Lippert

Gutten med palmen

*Tekst: Britt G. Hallquist
Oversatt: Ingebjørg Dahl Sem*

Se, hvor fin min palme er!
Tror du vi ser kongen her?
Ruben, tror du han har krone
og blir båret på en trone?
Gi han ville skynde seg.
Men de store stenger meg.
Alle voksne burde sitte
slik at barna kan få tittle!

Omkved:
Hosianna, Davids sønn!
Velsignet være han som kommer i Herrens navn.
Hosianna, min konge.

Vær så snill, gå unna litt
slik at vi kan få en titt.
La oss stå i første rekke.
Pass på grenen, den kan brette.
Er det kongen? Er det han
der på eslet? Ja, minsann!
Ingen krone? Nei, men se, du!
Han er glad og pen for det, du!

Folket toger nå avsted.
Syns du at vi skal bli med?
Ja, det gjør vi! Kom, vi springer,
mens vi palmegrener svinger.
Skjorten tar jeg av meg her,
brer den ut på bakken der;
Blir den skitten? Blås i det, da!
Kongen vinker til oss. Se, da!

Hosianna, Davids sønn!
Velsignet være han som kommer i Herrens navn.
Hosianna, min konge.

Påskemorgen slukker sorgen

Av N.F.S Grundtvig

Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.

Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helve greder, himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!

Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i Paradis.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.

Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!

Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.

Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder, Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.

Opningsfest for Tomrefjord

Leiaren i husstyret, Hans Frafjord, i samtale med Audbjørg Gjerde Lippert.

Når vi køyrer innover gamlevegen i Tomrefjord, legg vi merke til eit bygg som har dukka opp. Ein fabrikk er blitt til eit forsamlingshus med himmelstormande tårn. Inne er det slutt på salar med symaskiner. Ny bruk av huset er i gang. 13. mars er det opningsfest for Tomrefjord Kristne Forsamlingshus, eller kortforma Forsamlingshuset som vil bli bruksnamnet i det daglege. Vi har tatt ein liten prat med leiaren i husstyret, Hans Frafjord, no ved enden av fullført prosjekt.

- Korleis er det å stå her i dag, sjå på eit hus som allereie er tatt i bruk til fleire aktiviteter, og vite at ein begynner å sjå enden på eit langt prosjekt?

Det er både gledeleg og spennande. Vegen frå vi begynte til vi no nærmar oss eit ferdig bygg, har vore ganske lang. Resultatet er faktisk blitt ein god del betre enn det mange av oss trudde det kunne bli, både kvalitetsmessig og visuelt, med tanke på utgangspunktet vi hadde. Det har vore ein balanse mellom økonomi og kvalitet. Økonomien er jo ein føresetnad for å kunne få til noko, og for oss var det viktig at vi greidde å halde budsjetttrammene vi sette.

-Kan du kort fortelje litt om prosessen fram til huset slik det står i dag?

Det har gått nærare 20 år sidan ønsket om å samle all kristen aktivitet i eitt bygg kom opp. Utgangspunktet er dei to bedehusa vi hadde, Lid bedehus og Tomrefjord bedehus. I tillegg kan nemnast at vi ikkje har lokal kyrkje. Prosessen har forresten vore i dialog med kyrkja heile vegen. Først var tanken å bygge eit nytt hus på ei tomt vi fekk i gåve, men av ulike grunnar vart ikkje det realisert. Så fekk vi tilgang



Hans Frafjord, Lars Jørgen Uren og Elisabeth Bjercknes Ulvestad diskuterer elektriske installasjonar. Foto: Audbjørg Gjerde Lippert.

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på
kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.



nd Kristne Forsamlingshus

til dette bygget i positiv dialog med kommunen og Vard, noko som ga eit godt fundament for å ta tak i saka på nytt. Ein kom i gang med konkrete planar om korleis fabrikkbygningen kunne byggast om. Her fekk vi god fagleg hjelp med prosjektering og arkitekturarbeid. Med bakgrunn i det såg vi mulegheitene bygget kunne gi, og vi kunne gå ut og presentere det for bygda, samtidig som vi kunne invitere til støtte gjennom gåver og dugnad. Responsen frå kommune, bedrifter og privatpersonar har gjort at vi har kome i hamn med eit hus bygda kan vere godt fornøgd med.

-Har du fått tilbakemeldingar frå bygdefolket om korleis dei ser på det nye huset, og kan du seie litt om kva huset er tenkt brukt til?

Tilbakemeldingane frå bygdefolket har vore mange og positive. Det har vist seg å vere eit ønske å ha eit slikt hus i bygda. Ein av grunnane kan vere at vi ikkje har noka lokal kyrkje. Også nabolaget har tatt godt imot den nye bruken. Om alle i bygda meiner at huset er nødvendig, veit vi sjølv-sagt ikkje.

Sjølve bygget slik det er blitt no, både inne og ute, har vi høyrte mykje positivt om. Folk synest det har blitt bra. Det er sjølv-sagt ingen katedral, men eit hus som har vore nytta til andre føremål, sett ein del grenser i utgangspunktet. Likevel har det gjennomgått ei forvandling som gjer at vi har høyrte uttrykk som «huset er blitt innbydande», og då er vel noko av hensikta nådd. *(Hans snakkar med glød om bygget og tilbakemeldingane som har kome. Han held fram med å seie litt om det han ønskjer huset skal fyllast med.)*

Målet og ønsket er at det kan bli eit bygg som kan femne breitt i aktivitet. Her kan vi nemne misjonsmøte, gudstenester, konfirmantarbeid, barnearbeid, konsertar osv. Målet er at det blir eit hus med lav terskel som det skal vere lett å bruke for alle på alle vis.



Delar av storsalen. Foto: Audbjørg Gjerde Lippert.

-Men det er vel litt opp til bygdefolket også å ta det i bruk, finne bruksområde, fylle det med positive aktiviteter?

Ja, dette er eit hus som bygda eig, og som har sitt eige husstyre. Eg oppmodar alle til å ta det i bruk. Det treng ikkje brukast berre til reint kristne aktivitetar, men til allmenne og private arrangement av alle slag som er innan naturlege rammer for bygget.

--

Kyrkjebladet ønskjer lykke til med huset og håper det vil kome heile bygda til gode, slik vi forstår intensjonen er.



KIRKENS
SOS

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40




SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Leonardo da Vincis Nattverden



«Men den som spiser mitt legeme og drikker mitt blod, har evig liv, og jeg skal reise ham opp på den siste dag.» (Johannes 6,54) Foto Sissel Schjøtt.

Nattverden, universalgeniet Leonardo da Vincis mesterverk fra 1495-97, er et høydepunkt i renessansens malerkunst. Siden den dagen det ble ferdig, har kunststudenter og turister fra hele verden reist til Milano for å se på verket, som opptar en spisesal i et dominikansk kloster ved siden av kirken Santa Maria delle Grazie. Leonardo malte dette med olje-tempera på halvtørr puss.

Av Sissel og Eivind Schjøtt

Kl.08.15 presis, lørdag 23. januar ble vi guidet av en kunnskapsrik engelsk guide. Billettene måtte kjøpes før vi dro til Milano da pågangen for å oppleve mesterverket er stor, og seansen varte 15 minutter.

Grupperinger

Leonardo da Vinci studerte på den tiden effektene av lyd- og fysiske bølger. Gruppene med personer gjenspeiler både trenigheten (med Jesus i midten) og effekten av en metafysisk sjokkbølge som kommer fra Jesus og reflekteres tilbake fra veggene idet han avslører at det er en forræder i deres midte.

Jesu «glorie»

Middelalderens sans for glorier er tilfredstilt uten å ofre renessanserealismen: Vinduet bak Jesus sørger for stråleglans.

Judas

Tidligere var Judas ofte blitt plassert på den andre siden av bordet, adskilt fra de andre. Leonardos tilnærming er mer subtil, han setter forræderen midt blant de andre disiplene, som nummer tre til venstre for Jesus.

Bordet

På bordet ligger sannsynlig den samme duken og kuvertene som munkene ville ha brukt, noe som forsterker det faktum at de delte sine måltider med Jesus og disiplene.

Perspektiv

Veggene i rommet på maleriet virker nesten som en fortsettelse av veggene i det virkelige rommet som du står i. Linjene er trukket inn mot Jesus i midten, noe som trekker blikket mot ham, og bidrar til å forsterke dramaet.



Det dominikanske klosteret ved siden av kirken Santa Maria delle Grazie. Foto Sissel Schjøtt.

Lys

Legg merke til de mesterlige effektene av det nøye uttenkte samspillet mellom de tre lyskildene fra selve spisesalen, fra vinduene som er i bakgrunnen, og fra vinduene på spisesalens venstre vegg.



Peter og Johannes, Judas skimtes så vidt til venstre. Foto Sissel Schjøtt.

Reflektering

En detalj som forsterker realismen i bildet, er fargene i disiplenes kapper som gjenspeiles i glassene og tinn-tallerknene på bordet.

Tårnagentar

Av Ingvild Venås Sánchez

Kvart år vert 3.klassingar over heile landet inviterte til kyrkja for å vere tårnagentar med forskjellige oppdrag i kyrkja. Her i Vestnes kommune var det Vike og Tresfjord som var først ute. 3.klassingane kom til Tresfjord kyrkje den 30. januar til ei kjekk samling med mykje spanande innhald. Dei fekk utforske Tresfjordkyrkja og tårnet, og så fekk dei høyre om eit av dei aller største mysteria som Bibelen fortel oss om, nemlig Jesus. Tårnagentane hadde òg oppdrag til tårnagentgudsteneste neste dag i Vike kyrkje kl. 11.00. I Vike på søndag kom dei ein time før gudstenesta for å førebu ei overrasking for dei som kom til gudstenesta, og øve på dei andre oppdraga dei hadde der. Under sjølve gudstenesta framførte dei tårnagentsangen, og dei var òg delaktige i samband med introduksjon til preika og i formidling av overraskinga. Preika handla om Efesarbrevet 2, 8 der fokuset var på kva Guds rike er laga av: nåde, tru og at det er Guds gåve. Det var ein flott gjeng på 9 tårnagentar som etter endt gudsteneste gav uttrykk for at dei hadde hatt det veldig kjekt. Fleire lurte òg på når det skjedde noko slikt igjen!

For dei 3.klassingane som høyrer til Vestnes, er det enno sjanse til å melde seg på til å vere tårnagent i Vestneskyrkja. Der blir det tårnagentsamling laurdag 9. april kl. 12.00 til 16.00. Søndag 10. april kl. 11.00 er det tårnagentgudsteneste i Vestnes kyrkje, der alle er velkomne!



Oppdrag: Bygge tårn saman (med kvarandre).



Ein smak av noko muffins etter at alle har fått agentkorta sine.

Glimt frå Karnevalsgudstenesta i Vestnes kyrkje



Barnekoret + nokre ekstra synger av full hals.



Mange fargerike og flotte barn samla til karnevalsgudsteneste.



Liv og røre...

Kyrkjeverja sitt hjørne

Dette er ei ny spalte som vil kome fast framover. Det er meininga at spalta skal innehalde nytt som skjer på kyrkjekontoret, i kyrkjene og på kyrkjegardane våre.

Vi fekk innvilga investeringsmidlar av Vestnes kommunestyre til tre prosjekt for 2016. Det eine prosjektet er renovering av orgelet i Tresfjord kyrkje. Orgla i alle fire sokna er i relativt dårleg forfatning. Dei treng renovering, eller kanskje trengst det også nytt orgel i nokon av kyrkjene våre. I den samanheng blei det sett ned ein orgelkomité av fellesrådet, som skal ta ein gjennomgang av orgelparken i dei fire kyrkjene. Dei skal så levere ein rapport til fellesrådet om kva som bør skje vidare. Komiteen er enno ikkje ferdig med rapporten, men ein ting er komiteen og fellesrådet einige om: Tresfjord kyrkje må prioriterast. Derfor er det gledeleg at vi fekk midlar til renovering no i 2016.

Dei to andre prosjekta vi fekk midlar til, er utbygging av handikap-toalett i Fiksdal og Vike kyrkjer. Dette har vore ei sak

som har blitt fronta av fellesrådet i mange år, og endeleg lukkast vi å få innvilga midlar til desse prosjekta. Vi håper at dette arbeidet kan starte opp i løpet av våren.

Elles går mykje av tida no til å førebu bispevisitasen som skal vere i veke 9, 1. – 6. mars. Vi hadde besøk av prost og ein representant frå bispekontoret 26. januar til eit såkalla Visitas I-møte. Då hadde vi kontorvisitas og kyrkje-/kyrkjegardsvisitas, og dei hadde møte med staben, alle sokneråda og fellesrådet for å førebu det som skal skje i veke 9 når hovudvisitasen skal gjennomførast. Det blir eit tettpakka og innhaldsrikt program den veka, og når dette nummeret av bladet kjem ut, er bispevisitasen allereie gjennomført.

Mykje skal skje i kyrkjene våre gjennom våren og sommaren, og vi håper at de vil slutte opp kring arrangementa våre utover året.

Olav Egil Tomren

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00
Telefaks: 71184231

Signe Hellevik, sokneprest
Telefon: 71184234/ 91123045
E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, sokneprest
Telefon 71184236/ 99717442
E-post: inger.marie.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232
E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje
Telefon: 71184235/ 91629416
E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Liv Turid Kristiseter, diakoniarbeidar
Telefon: 71184237/ 95948477
E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kontor: Telefon: 71184230/ 95270346
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Ellen Edvardsen, vikar for trusopplærar
Telefon: 71184238/ 41472908
E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Nina Kvernmo, konfirmantlærar
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas,
Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken
og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret 6390 Vestnes

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha
forslag til stoff eller noko dei vil ha med i
Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.*

**Gåver til drift og distribusjon av
Kyrkjebladet er kjærkomne.**

Kontonummer 4056.20.62124

**Det er muleg å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.**





Fargelegg!

Læresveinane kasta ut garnet der Jesus sa, og fekk så mykje fisk at båten nesten sokk!



Bibel-quiz

Kor godt kan du bibelforteljingane?
Test deg sjølv med desse spørsmåla.
(Svara står opp ned nedst på sida.)

- | | |
|--|--|
| 1. Kva heitte kona til Abraham? | 5. Kva heitte gjetarguten som blei konge over Israel? |
| 2. Kva heitte broren til Moses? | 6. Kva heitte mora til døyparen Johannes? |
| 3. Kva heitte kjempa som David sloss mot? | 7. Kva by vaks Jesus opp i? |
| 4. Kven var det som blei kasta i ein brønn og seld som slave av brørne sine? | 8. Var læresveinane Peter og Andreas snikkarar eller fiskarar? |
| | 9. Kven sa «Eg er den gode gjetaren»? |
| | 10. Kven er faren til Jesus? |

1. Sara. 2. Aron. 3. Goliat. 4. Josef. 5. David. 6. Elisabet. 7. Nasaret. 8. Fiskarar. 9. Jesus. 10. Gud.

Abonnér på barnebladet

BARNAS

16 blader + 1 CD
= berre 399,-

(privatabonnement
heim i posten)


Gruppeabonnement berre 239,- per barn

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
faddergåve!



Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2016

Vestnes kyrkje 01. mai

Tomrefjord-konfirmantar

Carl Erik Bagge
Ruben André Daugstad
Lasse Djupvik
William René Akselvoll Eiken
Gaute Forstad Ellingsæter
Anny Roxanna Corrales Gonzalez
Nikolai Nerås Haugen
Tore Heggem
Oliver Hølgenes
Solveig Monstad
Daniel Vik Nygård
Linnea Vik

Vestnes kyrkje 05. mai

Tomrefjord-konfirmantar

Christer Gjelstenli Enger
Olai Gjelstenli Frostad
Dominik Jelinski
Astrid Hestnes
Rebekka Knotten
Stine Lid
Dennis Pedersen
Sondre Rekdal
Glenn Stenødegård
Julia Aas Uren

Tresfjord kyrkje 8. mai

Eivind Bjermeland
Egil Gjermundnes Gjøl
Albin Juul
Marie Løkke
Rikke Sofie Kjersem Løvik
Eryka Elzbieta Osiecka
Frida Petrine Ulrich Rypdal
Marte Winther Skorgenes
Mia Kavli Sylte
Ingrid Helene Vikås

Vestnes kyrkje 15. mai

Helland-konfirmantar

Sondre Berg
Sofie Aas Bjørnesen
Iselin Lien Eggen
Aurora Vikås Godønes
Martin Brånå Hofstad
Sara Funie Karadash
Karianne Korsnes
Håvar Korsnes
Ingrid Sofie Skorgenes Krogsæter
Weronika Karolina Krol-Tronsgård
Lea Christine Lindset
Reidar Arne Eidsvik Nerheim
Solveig Salthammer
Ine Solevågseide
Marie Øverås

Vestnes kyrkje 22. mai

Helland-konfirmantar

Emilia Mehri Frisk Azour
Fredrik Sivertsen Bergslid
Liam Hjelme Connor
Silje Jacobsen Eidhammer
Kristin Ellingseter
Ole Kristian Viseth Hauvik
Jonas Elvevold Lervik
Malin Johanne Lien
Marion Gjelsten Løken
Vanessa Andrine Rafteseth
Airidas Skirgaila
Helene Kristin Wiik
Raymond Øverås Østmo
Espen Nikolai Øverås

Vike kyrkje 22. mai

Asbjørn Hartman Lauridsen
Elias Frøysa Stokkeland
Ida Iren Vike

Fiksdal kyrkje 29. mai

Miriam Skeide Aasgard
Emil Lereggen Dragnes
Emily Ellingsen
Andreas Gjelsten Løviknes
Brian Mareno Nakken
Isak Nicolai Ellingsen Nakken
Sondre Adrian Tomren

Ettermiddagskafé i kyrkjestova i Tresfjord

Tresfjord Røde Kors og Tresfjord sokneråd har saman fått til eit sosialt styre, som skal planlegge og gjennomføre ulike sosiale aktivitetar i bygda. I november var det informasjonsmøte og idémyldring på Røde Kors-huset. Der kom det fram mange gode forslag til tiltak og aktivitetar, mellom anna om kafé, trilletreff, turar, bingo, foredrag og skyss til gudsteneste.

Eit mål er å starte opp med besøkstenesta. Det har lenge vore eit ønske å starte opp med besøksteneste gjennom Røde Kors sitt opplegg også i Tresfjord. Fleire stader i landet samarbeider kyrkja og Røde Kors om ei slik teneste. Røde Kors har lang tradisjon for eit godt opplegg for besøksteneste, noko som inneber kursing for dei som ønskjer å bli besøksvenn.

For å gjere ei framtidig besøksteneste kjent har styret og frivillige allereie starta opp ettermiddagskafé. I februar ved den første kafeen møtte 35 stykk opp, eldre og unge. For 20 kr kunne dei forsyne seg med kaffi, kaker og vaffel. Svein Aage Falch hadde songinnslag, og Arne Amundsen hadde med gitaren sin og spelte nokre melodiar. Det kom ynskje frå dei frammøtte om at dei gjerne skulle hatt litt allsong og loddsal. Dette vil sjølvsagt bli ei råd med ved dei neste kafédagane som er sett opp tredje kvar tysdag framover. På kafeen

blir det muleg å møte andre, ta ein kaffi og noko å bite i til ein billig penge. Det er småbord, slik at ein kan sitje saman og prate. Styret oppmodar folk til å ta med seg nokon dei kjenner, for å komme seg ut ein tur. Kafeen er ikkje berre for eldre, men for alle som ønskjer å treffe fleire folk. Den er heller ikkje berre for tresfjordingar; innbyggjarar frå alle bygder er velkomne.





DEN NORSKE KYRKJA



Ettermiddagskafé

Kyrkjestova i Tresfjord



Tysdag 5. april kl. 16.00 - 18.00 • Tysdag 26. april kl. 16.00 - 18.00

Tysdag 24. mai kl. 16.00 - 18.00 • Tysdag 14. juni kl. 16.00 - 18.00



Inga påmelding, her er det berre å møte opp! Treng du skyss til ettermiddagskafé?

Ring då til Silje Sylte på telefonnr. 950 93 306.

Ta kontakt i god tid, så det kan samkjørast på best muleg måte.

Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom Tresfjord Røde Kors og Tresfjord Sokneråd

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

27.12 Lily Frostad

27.12 Lukas Alexander Ulsaker
Kuby

27.12 Oliver Bjerkevoll Vik

24.01 Peyton Lunga Jurkowski

24.01 Nelly Alise Frostad Tangen

06.03 Sonja Mjanger

06.03 Frida Aas-Risvik

Vigde:

31.12. Veronica Godø og
Tarjei Bjermeland

Døde:

09.11 Helga Petra Eik

25.11 Borghild Mørch-Olsen

29.11 Rolf Larsen

30.11 Solveig Ester Eriksen

26.12 Kjellbjørg Ødegård

01.01 Olav Fostervoll

22.01 Aslaug Fiksdal

30.01 Geir Vestnes

30.01 Anne-Mari Bechstrøm

07.02 Edith Malene Talberg Nerbø

23.02 Kårstein Ingvar Vik

24.02 Solveig Kristine Sanden

Vike kyrkje

Døde:

16.12 Johannes Villa

Fiksdal kyrkje

Døpte:

10.01 Martinus Marken Kongshaug

14.02 Lea Maria Gjelsten Lufall

Tresfjord kyrkje

Døpte:

22.11 Liam Nicolai Løvik

22.11 Axel Matheo Nerheim
Lossius

17.11 Ella Fiksdal Bjermeland

17.01 Lucie Skorgen Callahan

Døde:

06.12 Jakob P. Rypdal

01.01 Svein Ødegård

31.12 Holger Ingvar Hestetraet

03.02 Martha Kitty Lindset

Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

20. mars Palmesøndag

Myra kulturhus kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste. Nattverd.

Sittedansgruppa deltek.

Takkoffer til Diakoniarbeidet i soknet.

Kyrkjekaffi.

24. mars Skjærtorsdag

Tomresetra kl 12.00

Sportsandakt. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til KFUK/KFUM.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdgdusteneste.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Nattverdgdusteneste. Takkoffer til

Den indre Sjømannsmisjon.

25. mars Langfredag

Vike kyrkje kl. 11.00

Langfredagsgudsteneste.

Vestnes sjukeheim kl. 16.00

Nattverdgdusteneste.

27. mars 1. påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Israelsmisjonen.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

28. mars 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

diakoniarbeidet i soknet.

03. april 2. s. påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Ekumenisk gudsteneste.

Samarbeid med Misjonsforbundet.

Takkoffer til Misjonsforbundet.

09. april Laurdag

Vike kyrkje kl. 18.00

Ungdomsgudsteneste.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

10. april 3. s. påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.

Utdeling til 1. klasse. Kyrkjekaffi.

Årsmøte. Takkoffer til Barne- og

ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

framhald side 16

framhald frå side 15 Gudstenester i Vestnes

17. april 4. s. påsketida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudstneste.

Utdeling til 1. klasse. Takkoffer til

Søndagskulen Romsdal krets.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Tomasmesse. Nattverd.

Takkoffer til Stiftelsen Åkerlehaugen.

24. april 5. s. påsketida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Årsmøte.

Takkoffer til Stiftelsen Åkerlehaugen.

27. april onsdag

Vestnes kyrkje kl. 19.00

Ung messe. Samtalegudsteneste for

Tomrefjordkonfirmanntane.

Takkoffer til Laget (NKSS).

01.mai

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste gr. 1

Tomrefjord. Takkoffer til KRIK Vestnes.

04. mai onsdag

Tresfjord kyrkje kl. 19.00

Ung messe. Samtalegudsteneste for

Tresfjord- og Vikekonfirmanntane.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

05.mai Kristi himmelfartsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste

gr. 2 Tomrefjord.

Takkoffer til konfirmanntarbeidet.

08. mai Søndag før pinse

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

11. mai onsdag

Vestnes kyrkje kl. 19.00

Ung messe. Samtalegudsteneste

for Hellandkonfirmanntane.

Takkoffer til Barnevakten.

15. mai Pinsedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste Helland-

konfirmanntar gr. 1.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Dåpsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

16. mai 2. pinsedag

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldssong. Takkoffer.

17. mai Grunnlovsdagen

Gudstenester i:

Fiksdal kyrkje kl. 10.00

Takkoffer til NKSS.

Vike kyrkje kl. 10.00

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Tresfjord kyrkje kl. 12.00

Takkoffer.

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

19. mai Torsdag

Fiksdal kyrkje kl. 19.00

Ung messe. Samtalegudsteneste.

22. mai Treeiningssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste Helland-

konfirmanntar gr. 2.

Takkoffer til konfirmanntarbeidet.

Vike kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

29. mai 2. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

05. juni 3. s. i treeiningstida

Tomresætra kl. 12.00

Skaparverkets dag. Kyrkjekaffi.

Institutt for sjelesorg.

12. juni 4. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldsgudsteneste. Nattverd.

Takkoffer.

19. juni 5. s. i treeiningstida

Korsstøneset kl. 12.00

Gudstenestevandring.

Takkoffer til Sjømannskirken.

26. juni Aposteldagen

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Kyrkjekaffi. Søndagsskule.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

03. juli 7. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Sjømannskirken.

10. juli 8. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Changemaker.

17. juli 9. s. i treeiningstida

Stall Kjersem kl. 16.00

Skaparverkets dag. Takkoffer.

24. juni 10. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Kyrkjekaffi. Takkoffer.

29. juli Olsok

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Olsokgudsteneste i folketonedrakt.

Takkoffer til Kyrkjestova.

31. juli 11. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Songgudsteneste. Nattverd.

Takkoffer til Bibelselskapet.

Kråkneset kl. 15.00

Friluftsgudsteneste. Kyrkjekaffi.

Takkoffer.

07. august 12. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Takkoffer.

14. august 13. s. i treeiningstida

Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00

Friluftsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldsgudsteneste. Nattverd.

Takkoffer.

21. august Vingardssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmanntpresentasjon.

Kyrkjekaffi. Takkoffer.

28. august 15. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Konfirmanntpresentasjon.

Takkoffer til Redd Barna.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Konfirmasjonspresentasjon.

Takkoffer.

